

Årsmelding for Masfjorden sokn 2025




DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

Innhald

Innleiing	4
Om sokneråd / fellesråd.....	4
Soknerådet / fellesrådet	4
Kyrkjeutvala.....	5
Andre utval	5
Litt om kjønnsfordeling av verva i råd og utval:	5
Om dei som arbeider i Den norske kyrkja i Masfjorden	5
Tilsette i Nordhordland prosti.....	5
Tilsette i Fellesrådet	6
Likestilling:.....	6
Andre med avtale med Fellesrådet	6
Eigedomar som Fellesrådet forvaltar	7
Kyrkjene våre.....	7
Solheim kyrkje:	7
Frøyset kyrkje:	7
Sandnes kyrkje:.....	7
Fjon fjellkyrkje:.....	7
Gravplassar i kommunen	7
Frøyset:	7
Hosteland:.....	7
Sandnes:.....	8
Skjerjebakken:	8
Solheim:	8
Indre Haugsdal:	8
Den norske kyrkja i Masfjorden i tal.....	8
Årsrekneskap	8
Nøkkeltal for Masfjorden sokn	9
Om det kyrkjelege arbeidet i Masfjorden sokn	9
Gudstenestelivet	9
Trusopplæringstiltak	10
Helsingar til dåpsborn.	10
Småbarnstrall.....	10
Dåpsskule.....	10
Tårnagent.....	11
Lys Våken.....	11

Utdeling av bøker til 4, 6 og 10-åringar.....	11
Tweensklubb	11
Barnekor	11
Konfirmantarbeidet.....	11
Diakonalt arbeid	12
Fasteaksjonen	12
Sjukeheimen	12
Samtalar og sjelesorg	12
Kulturelt arbeid	13
Kulturelle arrangement i kyrkjene våre:.....	13
Samarbeid med andre	13
Fjon fjellkyrkje	13
Tverrfagleg samarbeidsutval.....	14
Masfjordingen.....	14
Barnehagar og skular	14
Misjonsprosjekt.....	14
Eit blikk framover – oppgåver og utfordringar.....	15



Innleiing

Ting kan endre seg raskt.

Året 2025 vart eit år med store endringar for kyrkja i Masfjorden:

- Soknepresten vår gjennom nesten fem år, Torbjørn Sæle, takka av og gjekk inn i ny teneste frå og med fyrste november.
- Stillinga som trusopplærar/konfirmantmedarbeidar vart ledig då sommaren kom, og det lukkast oss ikkje å tilsetje nytt personell på permanent basis i desse funksjonane.

Sjølv om antalet personar som gjekk ut av stillingar ikkje var stort, utgjorde det ein høvesvis stor del av dei som arbeider i Den norske kyrkja i Masfjorden. Resultatet har vore at ein har måtta bruke tid og krefter på å få til mellombelse løysingar – i tillegg til alle andre oppgåver som ligg under kyrkja sitt ansvarsområde.

Men som det vil gå fram av årsmeldinga, har ein klart å få gjennomført det meste av dei aktivitetane som var planlagt for året. Og tala syner at oppslutninga har vore god. Det er all grunn til å takke dei som har gjort dette mogleg. Dette gjeld både dei som har teke på seg løna oppdrag i samband med trusopplæringa, og dei som i eigenskap av å vere valde inn i sokneråd eller kyrkjeutval har teke på seg ekstra oppgåver for at planlagde tiltak skulle verte gjennomført.

Ein gjer likevel neppe desse urett om ein rettar ein ekstra takk til kyrkjeverja vår, Eli Eidsnes, som gjennom ein innsats langt ut over det ein kan forvente, (også) i 2025 bidrog til at kyrkja i Masfjorden kunne gi oss som bur her eit godt tenestetilbod.

Om sokneråd / fellesråd

Soknerådet / fellesrådet

Masfjorden sokneråd er i perioden 2023-2027 samansett slik. Leiar og nestleiarar vert vald for eitt år om gongen:

- | | |
|---------------------------------------|------------------------------------|
| • Rune Garmann, leiar | |
| • Heidi Bjånes Bjørneklett, nestleiar | |
| • Siri Andvik | • Sokneprest Torbjørn Sæle |
| • Liv Øydis Trædal | (Fram til 1. november. Etterpå var |
| • Atle Nordland | prosten geistleg representant.) |
| • Hanne-Marit Neverdal | |
| • Anne Kari Mjanger | • Vararepresentantar er: |
| • Stian Søvik | • Frank Oppedal |
| • Elin Matre | • Aina Sleire |
| • Annbjørg Berg Dyrhovden (fram til | • Svein Atle Næss |
| 3.sept. då ho fekk innvilga fritak | • Vebjørn Haugsdal |
| pga flytting) | |
| • Ståle Daae (fast medlem frå 3.sept) | |

Kommunestyret har utnemnd desse representantane til fellesrådet:

- Geir Egil Haugsvær
- Vararepresentant er Tove Kristin Sleire Tistel

Kyrkjeutvala

Ordninga med kyrkjeutval har fungert fint, og dei gjer eit godt arbeid.

Frøyset kyrkjeutval:

Hanne-Marit Neverdal,
leiar
Dag Bjørnar Holmaas
Heidi-Elin Kolle Andvik
Joakim Andre Fagerheim
Hindenes
Marit Helene Riisnes

Sandnes kyrkjeutval:

Siri Andvik, leiar
Anne Kari Mjanger
Atle Nordland
Helen Andvik
Vebjørn Haugsdal

Solheim kyrkjeutval:

Anbjørg Berg Dyrhovden,
leiar *(til 3.sept)*
Frank Oppedal
Heidi Bjånes Bjørneklett
Liv Øydis Trædal
(leiar frå 3.sept)
Ståle Daae

Andre utval

Me har eit arbeidsutval som fungerer som saksførebuande organ for soknerådet, og som soknerådet kan delegere avgrensa mynde til, til dømes i ferietida. Arbeidsutvalet, som er sett saman av sokneprest, kyrkjevevjer og soknerådsleiar, har rutinemessig vore samla for å førebu soknerådsmøta innan innkallinga til desse går ut. Det er ei ordning som har fungert godt. Soknerådsleiar har også blitt halden kontinuerleg orientert om saker som dei tilsette har hatt oppe på stabsmøta.

Ein har også hatt eit administrasjonsutval som skulle arbeide med personalforvaltning. Dette har bestått av Rune Garmann og Liv Øydis Trædal (vara: Atle Nordland) som arbeidsgjevarrepresentantar. Remi Kallekleiv er arbeidstakarrepresentant. I 2025 førebudde utvalet ei sak, knytt til prosessen med utlysing av stilling som trusopplærar og konfirmantmedarbeidar.

Andre utval vil verte oppretta ved behov.

Litt om kjønnsfordeling av verva i råd og utval:

Når det gjeld kjønnsfordeling i råd og utval, er situasjonen den at det i soknerådet er 45% kvinner og 55% menn. Tek ein med varamedlemene, er fordelinga 53% menn og 47% kvinner. I kyrkjeutvala er det 43% menn og 57% kvinner.

Fordelinga i råd og utval er ein konsekvens av valresultatet i kyrkjevalet. Listene var sett opp med god fordeling mellom menn/kvinner.

Om dei som arbeider i Den norske kyrkja i Masfjorden Tilsette i Nordhordland prosti

- Fram til 1. november var Torbjørn Sæle fast tilsett som sokneprest i Masfjorden sokn. Ein samarbeidsavtale mellom Bjørgvin bispedøme og Gulen, Masfjorden og Solund kommunar skal sikre prest i full stilling i kvar av dei tre kommunane. Dette er ei ordning vi er glade og takksame for, og som har bidrege til at folk i Masfjorden heile tida har hatt det tilbodet om kyrkjelege tenester som det har vore lagt opp til.

Det har vore gjennomført ein utlysingsrunde, utan resultat. I samråd med prosten har ein vald å vente med ny utlysing til våren 2026. Omsyn til at situasjonen skulle vere mest mogleg føreseieleg for alle, var ein viktig moment då dette var bestemt.

Tilsette i Fellesrådet

- Eli Eidsnes har vore kyrkjeverje i ei 70% stilling, og sekretær ved kyrjekontoret i ei 30% stilling. Denne stillinga vart etter vedtak i Fellesrådet omgjort til kyrkjeverjestilling i 100% frå 1.1.2025.
- Remi Kallekleiv har vore kyrkjegardsarbeidar i ei 80% stilling. I tillegg til arbeid på gravplassane har han og jobba med vedlikehald av utstyr.
- Tetiana Puliaieva tok i februar 2025 til i ei prosjektstilling i 20% som sekretær ved kyrjekontoret. 1.september fekk ho og kyrkjetenarstillinga i Frøyset kyrkje. Dette er ei fast stilling på timebasis.
- Fram til sommaren hadde Else Iren Westervik ei 50% stilling som trusopplærar. Dette var eit mellombels vikariat i siste delen av perioden Helga Ekehaug hadde studiepermisjon.
Då det var klårt at Helga ikkje ville kome attende til stillinga ho hadde fått permisjon frå, vart stillinga utlyst, diverre utan positivt resultat.
- I same perioden hadde Alf Helland ei 20% mellombels stilling som konfirmantmedarbeidar. Denne stillinga vart også lyst ut, utan at det ga utslag i form av ei permanent løysing.
- Men frå hausten 2025 har Hallvard Gullaksen teke på seg oppgåva som konfirmantmedarbeidar for perioden hausten 2025 – våren 2026.
- Anke Helland hadde stilling som kyrkjetenar/klokkar fram til 31.august. Tetiana overtok kyrkjetenar stillinga, men det har ikkje lukkast å få tilsett ny klokkar.
- Eldbjørg Mjanger er klokkar/kyrkjetenar i 1,97% ved Granneheimen

Likestilling:

- Som det ser i oppsettet ovanfor, har det i 2025 vore tilsett totalt 8 personar i ulike stillingsstorleikar og ulike periodar. Av desse er det 5 kvinner og 3 menn. I tillegg har Fellesrådet ein fast vikaravtale med organist (mann) i 40% stilling, med tillegg for speling i gravferder og vigslar. Sjå avsnittet under.
- På ein arbeidsplass med så få tilsette som hos oss, kan det til tider oppstå ein viss ubalanse i kjønnsfordelinga, utan at dette skuldast tilhøve knytt til personalforvaltninga.
- Det er etter det ein kan sjå, ingen faktorar som skulle tilseie at eitt kjønn ikkje skulle kunne ta på seg dei oppgåvene som staben vår skal utføre, og det har aldri vore knytt krav om at søkjarar skal vere av det eine eller det andre kjønnet i utlysingstekster.

Ein kan soleis ikkje sjå at det til no har vore ynskjeleg eller naudsynt med målretta tiltak for å påverke kjønnsfordeling mellom dei tilsette. Fram til no har det heller ikkje vore aktuelt å leggje tilhøva til rette for arbeidstakarar med særskilte behov for tilrettelegging, men dersom det skulle verte behov for slik tilrettelegging, vil det skje som ein del av arbeidet med god personalforvaltning.

Andre med avtale med Fellesrådet

Delar av arbeidet i kyrkjene våre har også i 2025 vore utført av folk som ikkje er direkte tilsett i Masfjorden sokn:

- Me har fast vikaravtale med Boris Kuprijanov som organist i 40% stilling + gravferder og vigslar. Han fakturerer frå eige firma.
- Masfjorden sokn har inngått ein avtale med Kulturskulen i Masfjorden om kjøp av timar til dirigent for kyrkja sitt barnekor. Her er Else Iren Westervik engasjert som dirigent.

- I Sandnes kyrkje har me avtale med Sandnes skulemusikk som utfører kyrkjetenar og klokkeoppgåvene mot ei årleg godtgjering for arbeidet.
- I Solheim kyrkje har me tilsvarande avtale med Solheim helselag. Den avtalen er no terminert.
- Ellen Andvik hadde ansvar for kyrkja sine barnehagebesøk før jul.

Eigedomar som Fellesrådet forvaltar

Kyrkjene våre

Det er ulike vedlikehaldsbehov på kyrkjebygga våre, og ein prøver å samordne behova for å få mest mogleg utav tildelte pengar. Mykje av vedlikehaldsarbeidet må gjerast på sommartid, så det er gjerne avgrensa kva ein rekk, men me fekk gjort ein del også i 2025.

Solheim kyrkje:

Solheim kyrkje er frå 1881. I år fekk me gjort eit etterlengta utvendig vaska av heile kyrkja og bårhuset. Etterpå fekk gavlveggen på inngangssida eit nytt målingsstrøk og det har blitt skifta nokre rotne fjøler rundt om på kyrkja.

Frøyset kyrkje:

Frøyset kyrkje er vår «nyaste» kyrkje frå 1937. Her har ein jobba litt kvart år for å gjere forbetringar og vedlikehald. I år tilsette me Serhii Piatnytskyi nokre sommar veker. Han gjorde vask, skraping og malingsarbeid på deler av kyrkja, bårhuset og inngangsportalen. Så me fekk tatt det som såg verst ut. Snekkar Lars Helge Haugsdal har og i år gjort mindre reperasjonar, som skifting av råtne fjøler, lister på vindauga på kyrkjelydssalen, reparert dør til bårerom og laga tak over ei av varmepumpene. Han fester og lause skiferheller når det trengst.

Sandnes kyrkje:

Sandnes kyrkje er den av kyrkjene våre som er automatisk listeført, då den er frå 1845. Kyrkja er av Riksantikvaren vurdert som eit verneverdig kulturminne, og er den einaste av kyrkjene våre som kjem inn under kyrkjebevaringsprogrammet.

Her er det i år utført mindre reperasjonar som festing av skiferhelle og mønestein, litt reperasjon på døra til bårerommet, og reperasjon av knust rute i vindauga i gangen.

Fjon fjellkyrkje:

Masfjorden sokn er eigar av Fjon fjellkyrkje. Den vert drifta av foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter, som og har ansvar for vedlikehaldet. Dei gjer eit godt arbeid der, og imponerende mykje vert gjort på dugnad. Sjå meir informasjon lenger nede.

Gravplassar i kommunen

Frøyset:

Serhii fekk gjort ein del av det som stod att av vask, og maling på gjerdet rundt gravplassen. Her står det enno litt att, men me fekk tatt det viktigaste før hausten tok over.

Hosteland:

Her var det eit stort behov for å få gjort vedlikehald. Denne sommaren fekk me leigd inn Hogne Birkeland gjennom hans eige firma. Han reinsa taka på klokketårnet og inngangsporten. Fekk vaska, skrap og malt klokketårnet og inngangsportalen. Og gjerdet

rundt gravplassen vart reingjort og malt. Her fekk han hjelp av to unge gutar eit par solskinsdagar.

På hausten fekk me Torsvik Trefelling til å beskjære dei store trea som stod både utanfor og innanfor gjerdet på gravplassen, så no ser det mykje opnare og betre ut der, og risikoen for at ein storm fell trea er sterkt redusert. Dette vart gjort i god kommunikasjon med grunneigarane, då trea hadde ulike eigarar.



Sandnes:

Her vart det ikkje gjort nokon store prosjekt utanom vanleg stell av gravplass.

Skjerjebakken:

Her er det forhåpentlegvis på gang skogfjerning av grunneigar, i området over gravplassen. I så fall kan det bli snakk om utbering av veg og snuplass ved gravplassen samtidig. Grunneigar og kommunen jobbar med dette, og me har vore med på synfaring om planane.

Solheim:

Her vart delar av gjerdet rundt gravplassen vaska i forbindelse med at kyrkja vart vaska. Men det trengst meir vedlikehald her neste år.

Indre Haugsdal:

Her vart det ikkje gjort nokon store prosjekt utanom vanleg stell av gravplass.

Den norske kyrkja i Masfjorden i tal

Årsrekneskap

Godkjent årsrekneskap vert framlagt som eige dokument. Men fylgjande utdrag av oppsummeringa av rekneskapen er attgitt under.

«Driftsrekneskapen for 2025 syner eit netto driftsoverskot på kr 777.007, og utgjer 14,9 % av driftsinntektene gjennom året. Etter periodiseringar knytt til festeavgift viser rekneskapen eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 702.707.»

Dette er på sett og vis godt nytt, for det synleggjer at kyrkja har god økonomisk styring. Samstundes er det eit teikn på at aktivitetsnivået i kyrkjelydsarbeidet ikkje er så høgt som ein kunne ynskje, og som det er lagt opp til.

Nøkkeltal for Masfjorden sokn

Masfjorden sokn	Guds-tenester søn- og heilagdaggar	Andre guds-tenester	Totalt antal Guds-tenester	Gjennom-snitt alle gudst.	Gjennom-snitt søndags-gudst.	Del-takarar på julaftan
2025	44	8	52	55	56	271
2024	50	9	59	57	56	257
2023	45	6	51	46	44	246
2022	52	6	58	50	49	198

Masfjorden sokn	Døypte	Konfirmerte	Vigslar	Gravferd
2025	14	18	1	18
2024	14	20	4	12
2023	6	12	3	15
2022	15	21	3	27

Masfjorden sokn	Innmeldte DnK	Utmeldte DnK	Sum innsamla midlar kyrkjeoffer kontant og Vipps
2025	1	0	118 971
2024	0	1	108 847
2023	0	3	82608
2022	2	4	85956

Om det kyrkjelege arbeidet i Masfjorden sokn

Gudstenestelivet

Det er gledeleg å sjå at antal personar som er med på gudstenestene held seg ganske stabilt.

Det vart og i år satsa på Supersøndag – ein dag med ekstra fokus på barn/unge i kyrkja i Masfjorden, nokre gongar med fleire gudstenester på same dag. På Supersøndag har det blitt delt ut kyrkjebøker til 4, 6 og 10-åringar, konfirmantar har blitt presenterte, barnekoret har sunge og «Tårnagentane» har vore med. Ein del har og ynskt dåp denne dagen. 26.oktober avslutta Torbjørn Sæle si sokneprest tid med supersøndag gudstenester i alle tre kyrkjene og nesten 250 personar var med å gav ei fin avslutning for han.

Totalt vart det gjennomført 52 gudstenester i 2025, 23 av dei med nattverd og 9 av dei med dåp. Fordelinga av gudstenester er nokså lik mellom Frøyset, Sandnes og Solheim kyrkje. I Granneheimen har det vore 4 gudsteneste. På Fjon fjellkyrkje var det godt besøk på årets olsokgudsteneste. På Masfjorden sjukeheim var det tre gudstenester samt fire andakter med nattverd som reknast som gudstenester. Desse er det stabilt og godt besøk på.

I skuleferiar og i samband med ferieavvikling er det færre eller ingen gudstenestester. Etter dei fleste gudstenestene er det kyrkjekaffi, stelt i stand av nokon frå kyrkjeutvala. Dette er eit viktig og godt etablert tilbod som skapar fellesskap og gode samtalar.

Friluftsgudstenestene fortset, og det vart og i år gudsteneste ute ved Stordalen fjellstove langfredag og i samband med Bjørn West-marsjen i august. Det har vore friluftsgudstenester ved dagsturhytta Fjordblikk og i «eventyrskogen» på Haugsvær – sjå bilete på side 14. Den planlagde friluftsgudstenesta på Hosteland vart flytta til sjukeheimen pga. dårleg vær.

50-årskonfirmantar var i september med på gudsteneste i Sandnes kyrkje med påfølgjande middag, kaffi, song og quiz på Snikkarbua på Kvingo. Dette er vorte ein fin tradisjon.

Det var minnegudstenester i dei tre kyrkjene fordelt på to søndagar rundt helgemessesøndag i november. Familiar som hadde mista nokre siste året fekk brev med særskilt invitasjon til desse gudstenestene, og namna på dei som var gått bort siste året vart lese opp.

Det vart i år to lysmesser, ei i januar med dei som vart konfirmert våren 2025, og ei i desember med dei som skal konfirmerast våren 2026 – sjå bilete på siste side.

Musikantar frå Nordbygda skulekorps, Sandnes skulemusikk og Fjon musikklag har vore med på gudstenester i løpet av året. Det same har songsolistar og instrumentalistar i samarbeid med organisten. I Solheim kyrkje har den etablerte forsongargruppa vore med nokre gongar. Alt dette er gode bidrag for å løfta songen og musikken i gudstenestene.

Nokre av gudstenestene er byta ut med songkveldar. I Solheim kyrkje byrjar dette å bli godt innarbeidd og det var songkveld med kyrkjekvelds etterpå 9. febr, 2. påskedag og 28.sept. På den siste var Jon Martin Skauge med og framførte nokre av sine songar.

Trusopplæringstiltak

Helsingar til dåpsborn.

Det blei sendt ut helsingar til dåpsborn, eit, to og tre år etter dåpsdagen. Gåvene saman med ei helsing blir sendt ut rundt den datoen dei har dåpsdag.

Småbarnstrall.

1.halvår 2025 vart det arrangert småbarnstrall i Sandnes kyrkje. Dette er eit tilbod for born mellom 0-5 år, på dagtid. Her var det songstund for dei minste, og etterpå vart det nistepakke lunsj og tid for ein prat for foreldra.

Dåpsskule.

Når borna får utdelt si 4-årsbok på hausten, så blir dei neste vår invitert til dåpsskule i si kyrkje. Dåpsskulen er for fem-åringar, og det er tre samlingar i kyrkjene. I år vart nokre av samlingane for Frøyset og Sandnes slått saman. Her blir dei invitert for å verte betre kjent med kyrkja, gjennom leik, forming og samlingsstund. Vi snakkar også om ulike tema som dåp, kyrkja, bønn osv. Dette gjer vi gjennom å leike og utforske.





Tårnagent.

7-, 8- og 9-åringar som går i 1.-3. klasse om våren vert invitert til å være tårnagentar i kyrkja i vårsemesteret. Det er lek, song, mat og løysning av ulike mysterium/oppgåver. Tårnagentane utforskar kyrkja, og vert betre kjent med kyrkjetårnet med kyrkjeklokkene og orgelet. Tårnagent i 2025 var i Solheim kyrkje, laurdag 15. mars og på gudstenesta søndag 16. mars. Det var med 12 deltakarar og konfirmanantar var med som ungdomsleiarar.

Lys Våken.

Lys Våken er eit trusopplæringstiltak for dei som er 10,11 og 12 år og går i 5.-7. klasse om hausten. Pga stabssituasjonen måtte dette arrangementet gå ut i 2025.

Utdeling av bøker til 4, 6 og 10-åringar.

På hausten fekk 4-åringane «Kyrkjeboka mi». 6-åringane boka «Tre i eit tre», som er ei forteljingsbok om tre venner som byrjar på skulen. Og 10-åringane fekk Teikneseriebibelen. Bøkene blei utdelt på supersøndag gudstenester, og bokutleveringane hadde bra oppslutnad.

Tweensklubb

På vårsemesteret vart det planlagt nokre samlingar for born i alderen 10-13 år. Tilbodet vart kalla tweensklubb, og på Haugsvær vart det eit par fine samlingar, bl.a. påskeverkstad. På Frøyset vart det dessverre ikkje nokon som melde seg på desse samlingane.

Barnekor

Barnekoret er eit tilbod til born frå 1.-7. klasse i heile Masfjorden. Dei øver på torsdagar kl. 17:30-18:45 i Sandnes kyrkje. Og har deltatt med flott song på både gudstenester og julekonsertane. 5.juni hadde dei ein fin sommarkonsert i Sandnes kyrkje.



Konfirmentarbeidet

Oppslutninga om konfirmasjon i Masfjorden er svært god, og dette arbeidet har høg prioritert. 18 ungdomar vart konfirmerte våren 2025. 23 ungdomar starta eit nytt konfirmentår same haust.

Vårens konfirmentar hadde lysmesse i januar, leir på Alværa saman med Gulen og Solund konfirmentane i februar, konfirmentfestivaldag for heile prostiet i Knarvik i mars og fasteaksjon i april. Og til slutt konfirmasjonsgudstenester dei siste tre søndagane før 17. mai. I starten av juni inviterte soknerådet konfirmentar med foreldre til felles konfirmentfest på Fjon fjellkyrkje.

Det nye konfirmantåret starta med presentasjons-gudstenester i slutten av august og ein blikkjent-dag med besøk på sjukeheimen i september. Der delte konfirmantane ut roser og kort dei hadde laga.

2025 har vore friluftslivets år, og i slutten av september hadde konfirmantane utedag ved dagsturhytta. I oktober var det tid for leir på Fjon fjellkyrkje fredag kveld og laurdag. Denne gongen med overnatting heime.



Samarbeidet med Gulen og Solund fortsette i haust, og i november var dei med på ein felles laurdag saman med konfirmantane i Solund og Gulen i Eivindvik kyrkje.

Konfirmantane har gjennom året delteke og hatt oppgåver på enkelte gudstenester, og mange seier det er kjekkare å vera på gudsteneste når dei har ei oppgåve. Konfirmantane registrerer sjølv gudstenester med refleksjonar i Delta Konflogg. Dette er saman med Bibelen nyttige verktøy i undervisninga. Vårens konfirmantkull brukte og kristuskransen, medan haustens kull har brukt boka «Peters hemmelige notater».

Diakonalt arbeid

Fasteaksjonen

Den årlege fasteaksjonen vart arrangert ved at konfirmantane var på dørene med bøsse og Vipps-innsamling til Kirkens Nødhjelp sitt verdsvide arbeid i veka før påske.

Innsamlingsbeløp vart i 2025 kr.33 634, som dessverre var ein del dårlegare enn året før.

Sjukeheimen

I godt samarbeid med Masfjorden sjukeheim held sokneprest og organist andakt på arbeidsstova og songstund på nystova annakvar/tredjekvar torsdag på dagtid. Andaktane er opne for både bebuarar og andre besøkjande på sjukeheimen. Fire av andaktane i 2025 var med nattverd. Det har i tillegg vore tre gudstenester på sjukeheimen andre dagar – i påska, på 17. mai og på julaftan. I tillegg kjem småbarnstrallen si sommaravslutning og den tradisjonelle julekonserten.

Samtalar og sjelesorg

Sokneprest har samtalar, sjelesorg, soknebod og husbesøk etter behov. Dei som ønskjer å nytta seg av dette, er velkomne til å ta kontakt med kyrjekontoret eller direkte med soknepresten.

Kulturelt arbeid

Det er naturleg at kyrkja engasjerer seg i kulturelt arbeid i kommunen vår.

Kulturelle arrangement i kyrkjene våre:

I 2025 har kyrkjene vore arena for ulike arrangement:

- I tre veker i juli-august vart det arrangert ei utstilling i Frøyset kyrkje med «Rosenkransserien», ein serie på 20 ikon som skildrar Jesu liv og gjerning. Desse ikona var laga av den fremste ikonmålaren i Noreg, Solrunn Nes, som vitja Frøyset kyrkje med eit foredrag om ikona då utstillinga var opna, og som også samtalte med dei som var til stades då utstillinga vart teken ned i etterkant av ei søndagsgudsteneste.



- Det har også dette året vore nokre konsertar i kyrkjene våre. 6.april vitja kora «Ostereidet soul kids» og «Te Deum» oss med påskemusikalen «Lys levande». 15.juni fann mange vegen til Jon Martin Skaug sin flotte konsert i Frøyset kyrkje. Og 7.september arrangerte Masfjorden kommune konsert med Amalie Duesund og Rune Alver i Sandnes kyrkje.
- Julekonsertane i midten av desember med korps, kor og solistar vart gjennomført som planlagt i Sandnes, Frøyset og Solheim i regi av kommunen og med adventstankar frå soknerådsleiar.

Samarbeid med andre

Fjon fjellkyrkje

Tysdag 28. mai 2024 vart foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter skipa med utsendingar frå alle kyrkjesokna i Nordhordland til stades i fjellkyrkja. Masfjorden sokn er framleis eigar av fjellkyrkja, medan drifta skjer på dugnad leia av foreininga sitt styre med Anne Kristin Rafoss som vald leiar.

Fjellkyrkja har sidan vigslinga i 1987 vore nytta til gudstenester, leirar og helgearrangement. Masfjorden sokn har i løpet av 2025 nytta fjellkyrkja til ein konfirmantleir utan overnatting, og som stad for soknet sin tradisjonelle konfirmantfest.

Det er lang tradisjon for å samlast i fjellkyrkja til felles olsokfeiring i prostiet, og dei sokna som er medlemmer i foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter tek etter tur ansvaret for desse samlingane.

Tverrfagleg samarbeidsutval

Soknepresten er ein del av Masfjorden kommune sitt tverrfaglege støtteteam. Teamet har nokre faste årlege møter og vert i tillegg kalla saman ved behov.

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet Masfjordingen i samarbeid med Masfjorden kommune. Bladet vert trykt på kommunehuset og levert ut av kyrkjeutvala og har hatt 5 fylldige utgåver. I år var det 50 år sidan første Masfjordingen vart gjeven ut.

Barnehagar og skular

Kyrkja i Masfjorden har lange og gode tradisjonar for å samarbeidet med skulane og barnehagane, og sjølv om stillingsvakanse gjorde det litt utfordrande å halde tradisjonane ved like i 2025, er vi glade for å kunne slå fast at vi fekk det til, i år også.

I desember var Ellen Andvik og Elbjørg Mjanger på besøk i dei tre barnehagane med eit opplegg for borna der. Vi er svært takksame for dette.

I dagane før jul vart det invitert til skulegudstenester i godt samarbeid med skulane, i Sandnes kyrkje, Frøyset kyrkje og på Matre skule. Her fekk vi god hjelp av soknepresten i Gulen, Håkon Kinsarvik, noko vi også verdset høgt.

Misjonsprosjekt

Soknerådet har inngått ny misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) for perioden juni 2024-juni 2027. Vi støttar arbeidet NMS har i Estland og hadde temagudstenesta «middag og misjon» i Frøyset kyrkje 23.mars. Der fekk me besøk frå NMS som hadde med innramma misjonsavtale plakat som no heng i kyrkjene.

På Sandnes er det framleis god aktivitet i barneforeninga til NMS som blir drevet av frivillige. Dei har samlingane sine i kyrkjelydsalen i Sandnes kyrkje ein onsdag eller to i månaden.



Eit blikk framover – oppgåver og utfordringar

I årsmeldinga for 2024 skreiv vi følgjande:

«Det er mykje som tyder på at kyrkja – både i Masfjorden og i landet elles – er i ferd med å få ei meir synleg rolle som ein trygg og god møteplass i ei meir og meir uroleg verd. Og skjer det eitt eller anna vondt og dramatisk i eit lokalsamfunn, har det synt seg gang på gang at kyrkja spelar ei viktig rolle, også for dei som ikkje er så aktive i kyrkja i det daglege.

Difor er det viktig å sjå til at kyrkja framstår som ein romsleg og inkluderande stad for alle. Målet må vere at kvar og ein som har behov for det, veit at kyrkja er ein stad ein kan gå til når det røyner på, av di ein alt har røynt at ein er velkomen der.»

Denne utsegna er ikkje blitt mindre aktuell i desse dagane. Regjeringa har erklært året 2026 som Totalforsvarsåret, der det mellom anna skal vere stort fokus på den sivile beredskapen. Her har kyrkja ein naturleg plass, som ein del av beredskapen i lokalsamfunnet.

Ei viktig oppgåve for kyrkja lokalt er å gi alle som bur her, den gode erfaringa at kyrkja tilbyr kvar og ein av oss – uansett livstru og livssyn – ein stad der dei kan kome, kjenne seg velkomne, og kjenne på fellesskap. Det krev at kyrkja har opne dører, og at det skjer noko innanfor desse opne dørene.

At kyrkjene skal vere rammer for gudstenester og ulike kyrkjelege seremoniar, seier seg sjølv. Men kyrkjene kan også nyttast til andre gode føremål, til dømes knytt til kulturelt eller sosialt arbeid.

Som det går fram av innleiinga i årsmeldinga har det vore ei utfordring å skaffe folk som kan hjelpe til med dette. Større frivillig innsats er truleg den beste måten å møte denne utfordringa på.

Tek du utfordringa?

Hosteland, den 4. mars 2026.

Eli Eidsnes

(sign.)
Kyrkjeverje

Rune Garmann

(sign.)
Leiar Masfjorden sokneråd



Vi vil med dette takke Solrunn Nes, Torbjørn Sæle, Else Iren Westervik, Torill Vågseth Kristoffersen, Eli Eidsnes og Rune Garmann for deira løyve til å bruke bileta som er nytta i denne årsmeldinga.